



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 20.05.2021

Saksnummer: 20/19811-1

Deres ref.:

Varsel om oppstart av plan - Plan 2747 Detaljregulering for fv. 519 og fv. 4628 gjennom Judaberg sentrum.

Stavanger kommune skal lage ny reguleringsplan for fylkesvegen gjennom Judaberg sentrum. Grensa for planområdet er vist på vedlagte oversiktskart, vedlegg 1.

Planarbeidet kan få konsekvensar for interessene dine innafor planområdet. Dette brevet blir sendt til alle som eig eigedomar innafor planområdet. Vi ber om at varselet blir levert vidare til eventuelle leigetakarar eller andre som har interesser innafor området.

Du kan sende merknader og innspel til planarbeidet til By- og samfunnsplanlegging, postboks 8001, 4068 Stavanger – eller som e-post til postmottak.bos@stavanger.kommune.no innan 02.07.2021.

Saksbehandlar for planarbeidet vil vere til stades på innbyggartorget på Judaberg 15.06.2021 for å svare på spørsmål og ta imot innspel.

Innspel og merknader får ikkje eigne svarbrev, men blir kommentert og vurdert som ein del av det samla planmaterialet som blir lagt fram til politisk behandling.

Kvifor treng vi ny plan?

Dagens reguleringsplan for Judaberg blei vedtatt i 2010. Planen viser omfattande oppgradering av fylkesvegen på heile strekinga frå Fåfeltet til avkjørsla til skulen og idrettshallen. Vegen er planlagt med fortau eller gang-/sykkelveg på begge sider av vegen. I planen er og vist heilt ny vegtrase i nord og det er vedtatt to rundkøyningar, ei ved den nye ferjestøa og ei nord for sentrum. Det krevst store investeringar for å gjennomføre dagens reguleringsplan.

Etter 2010 har det blitt gjennomført fleire byggeprosjekt i Judaberg utan at fylkesvegen har blitt oppgradert. Det er vanskeleg å tenke seg at dei utbyggingane som reguleringsplanen legg til rette for skal kunne bere kostnadene med oppgradering av fylkesvegen slik han er planlagt. For ikkje å stoppe utviklinga i Judaberg ønskjer vi å sjå på ei enklare vegløysing.

Gjeldande reguleringsplan ligg som vedlegg 2.

Bakgrunn/tidlegare planarbeid

I 2017 gav Finnøy kommune Asplan Viak i oppdrag å utarbeide ein ny reguleringsplan for Judaberg. Det vart varsla oppstart av planarbeidet i 2018 og kommunen fekk fleire innspel til arbeidet. På bakgrunn av dette leverte Asplan Viak eit forslag til plan i 2019. Det vart ikkje tid til å legge fram dette planforslaget til behandling før kommunesamanslåinga.

Stavanger kommune har vurdert forslaget frå Asplan og tenker at det er råd å forenkle vegsystemet endå meir. Merknader og innspel som vart sendt til Finnøy kommune ved varslinga i 2018 er framleis ein del av saka.

Konsekvensutgreiing

Planen har ikkje krav om konsekvensutredning etter plan- og bygningsloven § 4-1.

Formålet med den nye planen



Målet for den nye planen er å forenkle vegsystemet frå gjeldande plan samstundes som ein sikrar gode løysningar for både køyrande, gåande og syklande. Planen er avgrensa til sjølve vegen. Byggeområde langs vegen er berre tatt med der det er naudsynt for å avklare nye tilkomstar og arealbruk i samband med frigjering av vegareal knytt til dei to rundkøyringane.

Judaberg i dag

Etter kommunesamanslåinga er Judaberg kommunedelsenter i Finnøy kommunedel. Judaberg er transportknutepunkt i kommunedelen og i Ryfylke med ferje- og hurtigbåtsamband til Stavanger og resten av Ryfylke.

Judaberg har utvikla seg over lang tid og har i dag kommunedelsenter, sjukeheim, sentralskule, idrettsanlegg, fleire butikkar og ulike verksemder.

Plangrense saman med gjeldande reguleringsplan for Judaberg



Ifølge Statens vegvesen varierer trafikken gjennom Judaberg fra 2300 kjøretøy per døgn sør for ferjekaien, 2000 fra kaien til torget til 600 nord for sentrum. Tunge kjøretøy utgjør 7-8 % av trafikken.

Tilbudet for gående langs fylkesvegen varierer også fra ensidig gang- og sykkelsti, fortau på begge sider til ingenting. Sjå illustrasjon laga av Asplan Viak over.

Foreløpig skisse til vegløyving

Dei to rundkøyringane er tenkt erstatta med eit T-kryss ved ferjekaien og eit X-kryss nord for sentrum. I nord og sør er det gang- og sykkelveg på berre ei side av vegen medan det blir fortau på begge sider i sentrum. I nord vil vi vurdere å utvide vegen der han ligg i dag i staden for heilt ny veg.

Kva skjer vidare?

Etter varslingsperioden vil Stavanger kommune utarbeide planforslaget. Merknader og innspel blir vurdert, referert og kommentert i saksdokumenta. Planforslaget blir så lagt fram for utval for by- og samfunnsutvikling til 1. gangs behandling. Utvalet vil ta stilling til om planforslaget skal sendast på høyring og leggast ut til offentlig ettersyn.



Med helsing

Tor Jørgen Stray Zahl Pettersen
seksjonssjef

Inger Narvestad Anda
saksbehandlar

Vedlegg
2747 oversiktskart
081-2010_JUDA3_Plankart_A0

Kopi til:

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst., Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur